



Fløysand Va AS
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar: Ref.:V6KKW2-
Skjemanr.:3934
Vår: 20/7650 - 21/49416

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
08.07.2021

Mellombels svar på rørleggermelding - gbnr 357/58

Kommunen stadfestar å ha motteke ny rørleggarmelding – gbnr 357/58 Sætre

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nytt situasjonskart (VA-kart) som viser plassering av stoppekran på land. I brev har Bjordal opplyst om at stoppekran skal plasserast på land men har levert inn same situasjonskart som tidlegare.
2. I brev, vedlagt søknad, har Bjordal signert som ansvarleg søkar. Dette kan han ikkje gjere da han ikkje er godkjent rørleggar. Han kan, derimot, signere på vegne av eit rørleggarfirma dersom det ligg føre rett til dette.
3. Før kommunen kan vurdere tilknytning i eksisterande kum må vi ha dokumentasjon på korleis det ser ut nede i kummen. Dette for å kunne setje krav til tilknytning i kummen.
4. Alver kommune vil ikkje godkjenne private felleisleidningar med skjøter – t. rør i sjø/vatn. Her må de lage eit anlegg der de legg hovudleidning frå tilknytningspunkt på land, til fordelingskum i område med hytter, og gå med heil leidning frå fordelingskum fram til kvar enkelt hytte sin utvendige stoppekran.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.08.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fløysand Va AS

Fløksand

5918

FREKHAUG